

Kvinnherad idrettsråd



Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Årsmelding 2022 – styret sitt framlegg til årsmøtet

Årsmøte vart halde 21. juni 2023 på Rådhuset i Rosendal.

Styret denne perioden har vore:

Richard Erlandsen (leiar), Halsnøy II
Anna Prestnes (nestleiar), Kvinnherad Handballklubb
Gunnar Våge (kasserar), Rosendal TI
Lars Emil Berge (styremedlem), Rosendal TI
Christin Sund (styremedlem), Trio II
Kim Røssland (styremedlem), Strand Ulv II
Håkon Askeland (styremedlem), Ternen II

Vararepresentantar

Einar Oppedal
Emil Solli Stafsnes

Kontrollutval

Willy Kalsås
Knut J. Helvik
Sigmund Askeland (vara)

Styret har hatt 4 møter i perioden. Drifta vert finansiert med kontingent frå medlemslaga.

Samarbeid med idrettslaga

Heimeside for idrettsrådet, eige Facebook-side og e-post gjennom SportAdmin vert nytta til å formidla informasjon til medlemane.

Idrettsrådet administrerer framleis ordninga med medaljar til Kvinnheradmeisterskap i idrett. Det var i perioden utdelt omrent 75 medaljar. Medaljane er gratis for idrettslaga. Ein opplever at idrettslaga synes det er ei fin og ryddig ordning.

Lokalidretten og kommunen

Idrettsrådet deler ut kvart år breiddeidrettsstipend for å stimulera til satsing for unge idrettsutøvarar, dommarar, idrettsleiarar og idrettslag, med fokus på aktivitet og arrangement. Stipendmottakarar er idrettslag registrert i Kvinnherad. Stipendet i 2022 var på kr 50.000. Midlane vart fordelt mellom Halsnøy II (20.000 kr), Rosendal Turnlag (15.000 kr) og Trio Idrettslag (15.000 kr).

I perioden har Idrettsrådet vore på to klubbesøk, denne gongen hos Husnes Karateklubb og Kvinnherad Bogeskyttarklubb. På klubbesøk kjem rådet i direkte dialog med styre i dei forskjellige

klubbane, ein får synfaring på anlegga, samt forsterkar ein dialog og samspel mellom idrettslag og kommune. Styret har ein intensjon om å halde møter ute hos lokallaga også i framtida.

Idrettsrådet ved leiar har, som i tidelegare år, gjennomført regelmessige møter med idrettskonsulent i kommunen og behandla framlegg til plan for tildeling av spelemidlar og kommunale investeringsmidlar til prosjekt i Kvinnherad.

Styret i idrettsrådet har vore representert i prosjektgruppa for Kvinnherad Arena med leiar Richard Erlandsen. Ved utgangen av 2022 var bygget tett og grunnarbeidet for hallen ferdig med mål om opning våren 2023.

Organisasjonsledd i NIF

Lokale aktivitetsmidlar (LAM)

Idrettsrådet fordelte mellom medlemene i 2021 LA-midlar kr 1 092 143. Dette er spelemidlar øyremerkt aktivitetar for barn og ungdom i alderen 6-19 år. Midlane vart fordelt etter kriterium fastsett av årsmøtet. Alle idrettslag med namngitt ressurskontakt fekk eit beløp iht. angitt skala og kr 50.000,- vart delt ut til barne- og ungdomstiltak gjennom breiddespipendet. Dei resterande midlane vart fordelt med vekttal 2 for ungdom (13-19 år) og vekttal 1 for barn (6-12 år). Grunnlag for utrekninga var aktivitetstal frå idrettsregistreringa slik dei låg føre i KlubbAdmin.

Samfunnsoppdrag

Idrettsrådet oppmodar medlemslaga til å peike ut ressurskontaktar. Dette er ein person som skal vere idrettslaget sin kontaktperson og koordinator for barn og ungdom med lita betalingsevne, med flyktningsbakgrunn, minoritetsbakgrunn eller andre særskilde utfordringar. Ressurskontakten er kontaktledd mellom idrettslaget og andre aktørar som arbeider med integrering og barnefattigdom.

Covid-19 pandemi

12. mars 2020 stengte Norge ned, noko som gjekk sterkt utover idretten nasjonalt og lokalt.

2022 bar også preg av covid-19 pandemien. I denne perioden, som i 2021, var idrettsrådet i tett dialog med idrettslag og med idrettskonsulent.

Idrettsrådets har uansett oppfatning av at det jobbast godt for å demme opp for negative konsekvensar i idrettslaga i Kvinnherad. Takka vere både nasjonale og lokale støtteordninga har dei økonomiske konsekvensane blitt lang mindre enn frykta. Pr. 31.12.2022 alle restriksjonar var fjerna og det lover godt for framleis auka aktivitet i 2023.

Styret i Kvinnherad idrettsråd, 21. juni 2023

Richard Erlandsen
styreleiar

Anna Prestnes
nestleiar

Gunnar Våge Lars Emil Berge

Kim Røssland

Håkon Askeland Christin Sund